

AVGJERD nr. E2

2016/EØS/12/35

av 3. mars 2010

om fastsetjing av ein framgangsmåte for handsaming av endringar av opplysningar om dei organa som er definerte i artikkel 1 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004, og som er førte opp i det elektroniske registeret som er ein del av EESSI

(2010/C 187/04)(*)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN FOR
KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR HAR —

som finst i det elektroniske registeret, vert handsama til
rett tid og på ein strukturert og samanhengande måte som
det er mogleg å kontrollere —

med tilvising til artikkel 72 bokstav d) i europaparlaments-
og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om
koordinering av trygdeordningar⁽¹⁾, der det er fastsett at Den
administrative kommisjonen har ansvaret for å vedta felles
reglar for strukturen i datahandsamingstenestene, og for å
utarbeide føresegner om drift av den delen av desse tenestene
som er felles,

med tilvising til artikkel 88 i europaparlaments- og
rådsforordning (EF) nr. 987/2009⁽²⁾,

i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i artikkel 71 nr. 2 i
forordning (EF) nr. 883/2004, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Eit av elementa i moderniseringa av systemet for koordinering mellom nasjonale trygdeordningar er innføringa av eit elektronisk register som inneheld opplysningar om dei nasjonale organa som medverkar i bruken av forordning (EF) nr. 883/2004 og (EF) nr. 987/2009 (heretter kalla «gjennomføringsforordning»).
- 2) Medlemsstatane er ansvarlege for å leggje inn sine egne nasjonale kontaktopplysningar i det elektroniske registeret, og for å ajourføre desse opplysningane.
- 3) Medlemsstatane skal syte for at dei opplysningane som finst i dei lokale kopiene av det elektroniske registeret, dagleg vert synkroniserte med dei opplysningane som finst i den sentrale utgåva av det elektroniske registeret, som vert forvalta av Europakommisjonen.
- 4) Det må innførast ein framgangsmåte for handsaming av endringar som sikrar at endringar i dei opplysningane

TEKE DENNE AVGJERDA:

1. I denne avgjerda er det fastsett reglar for ein framgangsmåte for handsaming av endringar i opplysningar frå kompetente styresmakter, nasjonale institusjonar, kontaktorgan og tilknytingspunkt slik det er definert i artikkel 1 bokstav m), q) og r) i forordning (EF) nr. 883/2004 og artikkel 1 nr. 2 bokstav a) og b) i gjennomføringsforordninga.
2. Framgangsmåten for handsaming av endringar skal nyttast på opplysningar som er førte opp i den sentrale utgåva av det elektroniske registeret, som vert forvalta av Europakommisjonen, og på opplysningar i dei lokale kopiene i medlemsstatane.
3. Kvar medlemsstat skal oppnemne ein person som er ansvarleg for å innføre endringar i den sentrale utgåva av det elektroniske registeret, og for å ajourføre dei lokale kopiene.
4. Kvar medlemsstat skal òg for kvart einskilt tilknytingspunkt oppnemne eit sentralt kontaktpunkt for EESSI (heretter kalla «sentralt kontaktpunkt»). Dette er det første kontaktpunktet for institusjonar og organ som er knytte til dette tilknytingspunktet.
5. Kvar medlemsstat skal gjennom sekretariatet melde frå til Den administrative kommisjonen om alle viktige endringar i opplysningar som gjeld deira egne kompetente styresmakter, nasjonale institusjonar, kontaktorgan eller tilknytingspunkt, minst éin kalendermånad før endringa tek til å gjelde. Meldinga kan rettast til sekretariatet. Mindre endringar kan leggjast inn i den sentrale utgåva av det elektroniske registeret utan at det vert gjeve melding om det på førehand.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 187 av 10.7.2010, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 133/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 21.

⁽¹⁾ TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1.

6. I samband med denne framgangsmåten tyder «omfattande endring» ei endring som har negativ innverknad på bruken av forordningane og følgjeleg på koordineringa, slik at ho kan forseinke sendinga eller rutinga av strukturerte elektroniske dokument til den aktuelle institusjonen eller det aktuelle organet.

Ei omfattande endring omfattar mellom anna

- a) endringar som er knytte til identifikasjonskoden, verkemåten eller kompetansen til eit organ, ein institusjon eller eit tilknytingspunkt,
- b) nedlegging av eit organ, ein institusjon eller eit tilknytingspunkt,
- c) samanslåing av organ, institusjonar eller tilknytingspunkt.

7. Dersom ei omfattande endring gjeld ei av dei endingane som er førte opp i bokstav a), b) eller c), skal medlemsstatane opplyse om kva organ, institusjon eller tilknytingspunkt som vil ta over den aktuelle funksjonen eller kompetansen frå datoen då endringa tek til å gjelde.

8. Når sekretariatet får melding om ei omfattande endring, skal det melde frå til Den administrative kommisjonen og til dei sentrale kontaktpunkta om endringa og om tidspunktet då endringane vil ta til å gjelde.

9. I samsvar med artikkel 9 i sakshandsamingsreglane til Den administrative kommisjonen har medlemmene av kommisjonen høve til å kome med innvendingar mot endringa eller la vere å røyste. Dersom det vert gjort innvendingar, skal endringa drøftast under det førstkomande møtet i Den administrative kommisjonen.

10. Medlemsstatane skal syte for at dei lokale kopiane av registertenestene dagleg vert synkroniserte med den sentrale utgåva av det elektroniske registeret. Synkroniseringa av dei lokale kopiane skal finne stad mellom kl. 01:00 og 03:00 mellomuropeisk tid.

11. Innan eitt år etter at denne avgjerda er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen* skal Den administrative kommisjonen vurdere dei røynslene som medlemsstatane har gjort når det gjeld bruken av avgjerda.

12. Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå første dagen i den andre månaden etter kunngjeringa.

José Maria MARCO GARCÍA

President for Den administrative kommisjonen
